



RIKSANTIKVAREN
Postboks 8196 DEP
0034 OSLO

Dato: 30.03.2016
Vår ref.: 2015/890-11
Saksbehandlar: erlhofs
Dykkar ref.:

Oversending av forslag til fredingsvedtak for Forum kino, Bergen kommune

Hordaland fylkeskommune ved Kultur- og idrettsavdelinga sender med dette forslaget om fredning av Forum kino, Fjøsangerveien 28 i Bergen, til Riksantikvaren.

Saksgang og merknader

Fredningsforslaget vart sendt på høyring til partane i saka og lagt ut til offentleg ettersyn 10. juni 2015. Det kom inn to høyringsfråsegner. Byrådet i Bergen gjorde 20. august 2015 følgjande vedtak: «Bergen kommune er positiv til fremlagte høyringsforslag og har ingen øvrige merknader til fredningen av Forum kino.» Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde 27. august 2015 følgjande vedtak: «Fylkesutvalet sluttar seg til fredning av Forum kino. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiane knytt til kinobygningen og samstundes leggje til rette for vidare bruk». Høyringsfråsegnerne gir soleis ikkje grunn til endringar i fredningsforslaget.

Fredningsforslaget og innkomne merknader vart sendt Bergen kommune for andre gongs høyring i brev av 15. desember 2015. Bergen bystyre handsama saka i møte 17. februar 2016 og fatta følgjande vedtak: «Bystyret i Bergen stiller seg positiv til fremlagte forslag til fredning av Forum kino som gir grunnlag for fortsatt aktivitet og vern gjennom bruk.»

Justering av fredningsforslaget

I høyringsrundane er det soleis ikkje komme innspel som gir grunn til å endra fredningsforslaget. Fylkeskommunen har likevel valt å gjera ei mindre justering. På same tid som fredingssaka har vore på høyring, har fylkeskommunen vore i dialog med eigar, deira arkitektar og moglege leigetakarar om tilrettelegging for vidare og noko meir variert bruk av kinobygningen. Det har her kome fram ulike behov m.a. for betre kommunikasjon mellom kjellaren og hovudetasjen, og mellom kinodelen og biblioteksfloyna. Fylkeskommunen meiner det er rom for enkelte tilpassingar utan at det går ut over dei kulturhistoriske kvalitetane. For å leggja til rette for tenlege løysingar er fredningsførere segnene noko revidert: det tidlegare punkt 6 er utvida og delt i to punkt (6 og 7) for å gje rom for tiltak som elles moglegvis ville liggja i grenselandet for kva som kan tillatast ut frå den generelle dispensasjonsheimelen i kulturminnelova § 15 a.

For redigerbare versjonar (word-format) av fredningsforslaget og dokumentasjonsrapporten, ber me Riksantikvaren kontakta vår sakshandsamar erlend.hofstad@hfk.no.

Skulle det vera ytterlegare kommentarar til forslaget til fredingsvedtak, kan desse rettast til Riksantikvaren.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
FJØSANGERVEIEN 28 HJEMMEL AS
BERGEN KOMMUNE

Vedlegg

- 1 Forslag til fredingsvedtak
- 2 Bygningshistorisk dokumentasjon
- 3 Fotodokumentasjon
- 4 Høyringsfråsegn Bergen kommune
- 5 Høyringsfråsegn fylkesutvalet i Hordaland
- 6 Fråsegn 2. gongs høyring